



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2743 - 18/30218

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 for utfylling i sjø, kaifrontar m.v. - gbnr 147/26 Sellevoll

Tiltak: parkeringsplass, utfylling, kaifront
Byggjestad: Gbnr: 147/26 Skarsvegen 670
Tiltakshavar: Sjøkanten Eiendomsutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Sjøkanten Eiendomsutvikling AS

Tiltak

Saka gjeld søknad om opparbeiding av parkeringsplass og veg, utfylling i sjø og etablering av nye kaifrontar. Tiltaket er i samsvar med arealføremåla i reguleringsplanen.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.08.2018.

Planstatus

Heile eigedommen ligg innafør reguleringsplanen for Skarsvågen som er regulert for fritidsbustad/næring og småbåthamn. I tillegg omfattar planen kommunal veg til området frå krysset med fylkesvegen Skarsvegen.



Reguleringsføresegnene har ein paragraf som kommunen tolkar som rekkefølgekrav:

- § 8 PLAN FOR UTBYGGING
1. Veg nr. 1 utbedres.
 2. Fritidsbolig F/N for salg og utleie istandsettes.
 3. Veg nr. 2 settes i stand / bygges.
 4. Felles parkering FP bygges.
 5. Nye kaifronter bygges
 6. Fritidsholig N1 oppføres.

1. «Veg nr.1» (kommunevegen) er opparbeidd i samsvar med planen.

2. «Fritidsbolig F/N» vart sett i stand utvendig etter godkjent fasadeendring i 2004.
3. «Veg nr.2» er med i denne søknaden
4. «Felles parkering FP» er med i denne søknaden
5. Nye kaifrontar er med i denne søknaden

Ut frå dette finn vi at rekkefølgekrava er oppfylte.



Skråfoto



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, fordi planen ikkje har fastsett byggegrense mot sjø.

Forhold til anna lovverk

Utfylling i sjø med nye kaifrontar må også ha godkjenning etter *Lov om havner og farvann*.

VURDERING

Kommunen vurderer å godkjenna søknaden.

Høyringsfrist

Før kommunen handsamar dispensasjonssøknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale plan- og hamnestyresmakter til uttale.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve i eitt-trinn - gbnr 147/26 Sellevoll

Nabovarsel

Følgebrev

Bestemmelser

Plankart

Kopi til:

Sjøkanten Eiendomsutvikling AS Alverneset 24 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen Postboks 6040 5892 BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune Kultur- Postboks 7900 5020 BERGEN

og Idrettsavdelinga

Planavdelinga